



Styremøte Bø museum

Dag: 25.05.2023

Tid: kl.19.00

Stad: Polen

Til stades: Kristin Kleppen, Kari Rast Monge, Olav Finstad, Jørn Berget, Hannele Hestetun, Kari Lønnestad

Frå drift: Bergit Li

Forfall: Evy Beate Stykket, Ellen Schruppf

Sakliste

Sak 33/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste godkjent.

Sak 34/23 Godkjenne referat frå 27. april 2023.

Vedtak: Referatet godkjent.

Sak 35/23 Status prosjektstilling

Kultursjef Hilde Pedersen skal i nær framtid ha eit møte med kommunedirektøren ang saka. Der skal dei m.a. vurdere om ei stilling som dagleg leiar kan gå gjennom kommunen. Dette må avklarast før vi kjem vidare. Ellen har utforma eit forslag til utlysing, og Bergit har sett opp ei oversikt over faste utgifter. Kommunens årlege støtte er oppjustert til 389.000. Kan vera aktuelt å søke råd frå Prosperastiftelsen i denne saka.

Vedtak: Avgjerd om utlysing utsettast i påvente av avklaring i kommunen. Bergit tar kontakt med Prosperastiftelsen.

Sak 36/23 Museumsnettverket Soga. Nettverk for uavhengige museum/bygdetun. Skal vi bli medlem?

Museumsnettverket Soga er etablert som eit samarbeid mellom museum utanfor det konsoliderte systemet. Bø museum har førebels ikkje vedtak om å gå inn.

Vedtak: Styret stiller seg positivt til Soga, men ønsker å orientere seg meir om nettverket, formål, kven som skal vera medlemmer med meir, og tar ikkje stilling til innmelding nå.

Sak 37/23 Utfordring mht Gunhild og Birger Kincks samling

Videograppa med Hynne/Børte/Sageie har tilrettelagt ein del videomateriale som ikkje er lagra i museet sitt system. Grappa er ikkje lenger aktiv.

Vedtak: Det tilrettelagte videomaterialet må overføres tilbake til museet. Kristin kontakter Jostein Sageie og Tore Bjørn Pettersen. Når ny videogruppe er etablert, går Olav Finstad inn som representant for styret og ser til at praksisen blir i samsvar med inngåtte avtaler.

Sak 38/23 Status Østerli

Jørn orienterte. Tilstanden på bygningar på Østerli er ikkje tilfredsstillande. Det gjeld spesielt låven, der spontaket er utett. Aktuelt å legge bølgeblikk. Også takstein på stogebygningen og stølbua treng ettersyn, men her er det tett undertak. Dette siste kan moglege vedlikehaldsgruppa ta.

Vedtak: Låvebygningen må sikrast. Jørn set opp søknad til kulturminnefondet ang. dette, og kontakter vedlikehaldsgruppa når det gjeld dei andre bygningane.

Sak 39/23 Orienteringssaker

- Status måling av Åheim: Ikkje noko nytt i saka nå. Jørn purrar firmaet på kostnadsoverslaget.
- Kurs museumsforvaltning blei halde på Bø museum 13. mai i regi av nettverket Soga. Vi var representert med fire deltakarar.
- Det er ny grunneigar på Østerli, Mariann Oline Aaland.
- Kulturturen 23. mai i samarbeid med Bø turlag gjekk til Roheimheia. Turen var tilrettelagt av Gunleiv Brukås og hadde ca 25 deltakarar.
- Bø museum var representert med stand på vårmarknaden på Bø torg 6. mai. Erfaringane er såpass gode at vi meiner det er verdt å delta på dette også seinare år.
- Rekneskap pr 30. april, vedlagt til orientering. Det har kome tilsagn om støtte frå DnB til varmepumpene på Polen, slik at utgiftene til desse nå blir dekkja fullt ut.
- Sommarutstillinga: Opning 2. juli, opningsprogram kl 13.00. Kari kontakter Evy ang innslag.
- Foreldregruppe ved Folkestad skule har etablert skulehage. Dei ønskjer eit samarbeid/arrangement på museet til hausten når grønsakene er klare.

Sak 40/23 Eventuelt

- Alarmen tok skade i samband med uveret for ei tid sidan. Moglege forsikringssak.
- Gjerdet mot vegen er grunna og bør få eit strøk måling. Kan evt takast på dugnad med kost.
- Gjødsling av plenen er aktuelt på mindre område framfor Polen og Åheim. Det er også behov for rensking av singelgangane.
- Komande årsmøte i Midt-Telemark museum: Me spelar inn forslag om å endre namn til Midt-Telemark museums lag.
- Neste styremøte 12. juni - da blir sommarsesongen og utstillinga hovudsak.

Ref. Kari